



Haugesund Turistforening
Postboks 432
5501 HAUGESUND

Dato: 06.02.2015
Vår ref.: 2014/13090-334
Saksbehandlar: irekron
Dykkar ref.:

Fylkesløyving 2015

Fylkestinget godkjennde årsbudsjettet for 2015 i møte 9. desember 2014, sak 75.

Hordaland fylkeskommune har tildelt Haugesund Turistforening eit fylkestilskot for 2015 på

kr 15.000,-

FØRESETNADER FOR TILSKOTET:

- Det er ein føresetnad for tildelinga at krav til god økonomiforvaltning, kontroll og rapportering vert oppfylde.
- Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setja i verk kontroll med at midlane vert forvalta som føresett. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar ein finn påkrevd for sin kontroll.
- Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale m.m skal det synleggjerast at Hordaland fylkeskommune er tilskottgjevar. For bruk av fylkesvåpenet gå inn på nettsida <http://www.hordaland.no/logo>
- Det er ein føresetnad at tilskottsmottakar aksepterar og nyttar ordninga med følgjekort for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal ha rett til gratis billett til sitt følgje.
- Vi gjer merksam på at dersom verksemda mottak meir enn 50 % av inntektene frå det offentlege, vert verksemda omfatta av "lov om offentlige anskaffelser".

BUDSJETTSØKNAD FOR 2016

Fylkestinget vedtok i møte 10.12.2014 sak 84/2014 ny regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025.

I vedtaket heiter det m.a.:

4. *Fylkestinget innfører ordning med 3-årig fylkeskommunal driftstøtte, med oppstart frå og med 2016. Ordninga er ei prøveordning som skal evaluerast i 2018.*

Kultur- og idrettsavdelinga arbeider no med revisjon av søknadsskjema, søkeprosess m.v.

Informasjon om dette vert sendt i eige skriv til dei som har fått melding om budsjettvedtak for 2015 og også offentliggjort på våre nettsider seinast 1. mars.

Søknad om fylkestilskot for år 2016 skal sendast Kultur- og idrettsavdelinga innan **1. april 2015**. Søknadsskjema vert lagt ut på våre nettsider seinast 1. mars.

Hordaland fylkeskommune ber om at det i søknaden framgår korleis dykkar organisasjon skal bidra til å realisere visjon, aktuelle delmål og tiltak skissert i Regional kulturplan 2015-2015 Planen vart vedteken av fylkestinget 9. – 10. desember 2014. For meir informasjon sjå www.hordaland.no/kultur

RAPPORTERING/REKNESKAP:

Årsmelding og rekneskap vert å senda Kultur- og idrettsavdelinga så snart dette ligg føre og **seinast innan 1. mai året etter at fylkestilskotet er motteke.**

Hordaland fylkeskommune ber om at det i årsmeldinga vert gjort greie for korleis de bidreg til å realisere visjon og mål skissert i Regional kulturplan 2015-2025 og Handlingsprogram 2015-2018.

I samband med realisering av regional kulturplan for Hordaland skal Hordaland fylkeskommune gjennomgå alle organisasjonar som mottek driftstilskot. Den regionale kulturplanen vil verte styrande for framtidige tildelingar av tilgjengelege midlar som Hordaland fylkeskommune fordelar.

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.